

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900

5020 BERGEN

Sakshandsamar: Ola Midttun
Telefon: 46888567
Seksjon: Forvaltningsseksjonen i region
Vest
Vår referanse: 16/5339
Dykkar referanse: 2016/4213-4
Vår dato: 17.06.2016
Dykkar dato: 19.04.2016

Att:

BLOM FISKEOPPDRETT AS 840215512 - SØKNAD OM ENDRING PÅ LOKALITET 11754 BØØY I RADØY KOMMUNE - UTTALE

Vi viser til brev av 19.04.2016 frå Hordaland fylkeskommune og søknad dagsett 11.04.2016 frå Blom Fiskeoppdrett AS.

Om søknaden

Blom Fiskeoppdrett AS søker om justert plassering av anlegget på lokalitet 11754 Bøøy i Radøy kommune.

Blom fiskeoppdrett skriv i sin søknad at anlegget har alltid lagt på dei omsøkte koordinatar. Anlegget vart plassert slik da Marøy Salmon var eigar. Ved gjennomgang av koordinatane i løyve viser det seg at anlegget ligg utafor dette området. Området i løyve er for grunt til at anlegget kan ligge der. Dei søker difor om å justere grensene slik at anlegget ligg lovleg.

Fiskeridirektoratet region vest har ikkje merknader til endra plassering av anlegg på lokalitet 11754 Bøøy i høve til utøving av fiske. Vi peiker samstundes på at resultatane frå den siste miljøundersøkinga i april 2016 viser at nærsona til anlegget framleis er belasta frå tidlegare drift sjølv etter 2 år med brakklegging. Fiskeridirektoratet er uroa for utviklinga på lokaliteten og understreker viktigheten av å følgje opp overvaking av miljøet med nye MOM-undersøkingar etter NS 9410:2016. Neste MOM B skal iht. standarden utførast ved halv maksimal belastning og ved maksimal belastning.

Vurdering

Fiske:

Søknaden gjeld endring av koordinatar som er oppgjeve i eksisterande løyve slik at desse vert riktige i høve til korleis anlegget faktisk er lagt ut. Anlegget skal ikkje flyttast frå der det ligg i dag, og det vert heller ikkje søkt om produksjonsauke med utviding av MTB. På dette grunnlag ser vi ikkje at søknaden kjem i konflikt med fiske.

Marint miljø:

Lokaliteten har vore brakk sidan april 2014. Siste MOM B-undersøking vart utført i april 2016. Etter nærare 2 år med brakklegging synte lokaliteten miljøtilstand 2, to prøvestasjonar synte tilstand 4 og ein stasjon tilstand 3. Denne undersøkinga viser at nærsona ved lokaliteten framleis er belasta av organisk materiale ved 3 av prøvestasjonane. Det vart også observert gassbobling i 2 av grabbprøvane og sterk lukt av hydrogensulfid i 3 av grabbprøvane. Ser ein lengre tilbake i tid og på rapporten frå 2013, så fekk lokaliteten tilstand 3 ved halv produksjon. Den gongen vart det påvist gassbobling ved 5 prøvepunkt og sterk lukt ved 8 av prøvepunkta. Ein fann heller ikkje gravande botndyr i nokon av grabbprøvane.

Fiskeridirektoratet er uroa for utviklinga på lokaliteten og understreker viktigheten av å følge opp overvaking av miljøet med nye MOM-undersøkingar etter NS 9410:2016. Neste MOM B skal iht. standarden utførast ved halv maksimal belastning og ved maksimal belastning.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift

Mottakarliste:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
-------------------------	---------------	------	--------

Kopi til:

Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Miljøvern- og klimaavdelinga	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Radøy Kommune	Krossvegen 8	5936	MANGER